



Reguleringsplan for Grotlesanden

PlanID: 4648-201702

Datert: 26.05.2021

Endringar:	Saknr.	Dato:	Sign:
		25.04.2022	IH
		26.05.2022	IH
		12.07.2022	IH

Sakshandsaming/ vedtak:	Sak nr.	Dato	Sign.
Kunngjering planoppstart		20.10.2017	iVC
Det faste utval for plansaker:	FSK-065/21	03.06.2021	IH
Offentleg ettersyn		22.06.2021 - 11.08.2021	IH
Det faste utval for plansaker:	FSK-044/22	02.06.2022	IH
Kommunestyret:	KST-026/22	16.06.2022	IH

1. Føremålet med planen

Formålet med reguleringsplanen er å legge til rette og sikre friluftsliv i området ved Grotlesanden.

Planen legg til rette for etablering av nytt servicebygg og utviding av parkeringsareal, samt betre tilgjenge til området på Grotlesanden og Grotle Gamle gravplass.

Alle tiltaka skal vere planlagde/prosjekttert med vekt på heilskaplege og berekraftige løysingar. For område ved stranda skal alle byggetiltak gjerast med minst mogleg inngrep i terreng.

Ved etablering av servicebygg skal det leggest særleg vekt på god landskapstilpassing, der bygg skal tilpassast tomte og omgjevnadane rundt, og orientere seg betre mot brukarane. Det blir også lagt til rette for betre gangtilkomst til Grotle Gamle gravplass via regulert tursti frå aust.

Vidare legg planen til rette for utviding av fylkesveg og tilkomst, tilrettelegging for gang-/sykkelveg langs veg, snuplass for buss, i tillegg til å avsette areal ved framtidig behov for utviding av parkeringsareal i området.

For utfyllande opplysningar viser ein til planomtale datert 26.05.2021, revidert 12. juli 2022.

2. Fellesføresegner for heile planområdet

2.1 Funksjons- og kvalitetskrav (§ 12-7 nr. 4)

2.1.1 Universell utforming

Tilkomst til offentlege anlegg og servicebygg skal så langt det er mogleg vere utforma slik at alle skal kunne nytte dei på ein mest mogeleg likestilt måte. Tilkomst til servicebygg med naudsynte publikum funksjonar skal vere universelt utforma. Det kan etablerast universelt utforma gangveg/gangareal frå parkeringsplass/servicebygg til strandareal.

2.1.2 Estetisk utforming

Alle tiltak innfor planområdet skal gjennomførast med god estetisk og arkitektonisk utforming i samsvar med funksjon og med respekt for omgjevnadene. Arealet skal gjevast ei tiltalende utforming og vere velregulert med omsyn til aktivitet og bruk. Bygningane i planområdet skal gjevast funksjonell form og fasade, og det skal leggjast vekt på god material- og fargebruk som er med på å gje området god arkitektonisk utforming.

2.1.3 Terrenghandsaming

Det skal leggjast vekt på varsam terrenghandsaming innanfor planområdet. Plassering og utforming av bygg og anlegg skal best mogleg underordnast landskap og natur i området. Evt. fylling/skjerjing skal ikkje vere synleg ved ferdigstilling av tiltak, og skal i hovudsak murast/plastrast med naturstein eller tilsåast med stadeigen vegetasjon.

Der det skal etablerast tiltak på lausmassar (flygesand/sand), utan sikring mot fast fjell, må det vurderast behov for sikring av byggegrunn. Behov for sikring av grunn skal vurderast ved prosjektering, og gå fram i søknad om løyve for tiltak.

2.1.4 Flytting av massar, og tilsåing

Det tillatast kun fjerning av vegetasjon som er nødvendig for plassering av bygningar, anlegg for veg, tilkomst, parkering, VA-anlegg og annan teknisk infrastruktur. I byggeområde, grøntområde og friområde skal terrenghandsaming ha som hovudmål å bevare landskapet sin innmark- og utmarks karakter, og rekreasjonsverdi. Ved flytting av masser må det undersøkast om massane inneheld svartelista artar. Slik masse skal ikkje nyttast innanfor området, for å hindre spreiding av framande artar. Ved tilsåing skal det nyttast stadeigne artar.

Jordmassar som evt. må fjernast i samband med tiltak skal takast vare på, evt. mellomlagrast, slik at dei kan nyttast vidare. Matjord skal primært nyttast til jordbruksføremål.

2.1.5 Tiltak i nærleik til sjø

Alle tiltak i/og i tilknytning til sjø skal skje med bestandig materiale, og avslutning skal utførast på ein god måte ut frå estetiske og funksjonelle omsyn. Utforming og materiale skal dimensjonast i høve til bølgepåverknad og flaum. Naudsynt løyve etter hamne- og farvasslova må ligge føre.

2.1.6 Klimabelastning

Nye tiltak skal utformast, plasserast og dimensjonerast slik at dei kan stå i mot forventa framtidig auke i belastningar som følgje av vind, nedbør, slagregn og bølger. Tiltak skal utførast i varige og mest mogleg miljøvennlege materialar, tilpassa funksjon og omgjevnader.

2.1.7 Handtering av overvatn

Handtering av overvatn skal inngå i detaljprosjekteringa av tiltak, og det skal i prosjekteringa takast høgde for framtidig auke i nedbør. Innanfor friluftsområde skal overflatevatn i hovudsak handsamast i opne vassvegar, og vere ein integreert del av friluftsområdet sin opplevingskvalitet.

2.1.8 Kraftforsyning

Ved påkopling til eksisterande straumnett skal ny straumforsyning etablerast i kabel i bakke. Straumforsyning kan løysast med alternative energikjelder som til dømes solenergi, fjord-/jord-/fjellvarme. Det kan etablerast nettstasjon innanfor planområdet. Eventuelle behov for kabelpåvising, plassering av ny nettstasjon og liknande skal tiltakshavar avklare med nettselskap før tiltak kan utførast.

2.1.9 Lyssetting

All lyssetting skal vere avdempa og tilpassa omgjevnadane. For gatelys langs vegareal, skal det nyttast belysning i samsvar med tekniske krav frå kommunen vedkomande lyssetting av kommunal veg. Plassering og utforming av belysning skal inngå i søknad om tiltak.

2.1.10 Teknisk anlegg

VA-anlegg og anna teknisk anlegg skal i hovudsak etablerast i tilknytning til veganlegg. Alle teknisk anlegg skal detaljprosjekterast.

2.1.11 Vatn og avlaup

Det skal sikrast tilstrekkeleg vasskapasitet og -kvalitet. Ved nybygg skal det sikrast tilstrekkeleg kapasitet for slamavskiljar/septiktank i samsvar med gjeldande krav i kommunen.

2.1.12 Renovasjon

I og rundt nytt servicebygg skal det settast opp miljøstasjonar for kjeldesortering. Desse skal ha god design og bestandig materiale. Dei skal plasserast og sikrast slik at dei ikkje medfører forureining som følgje av vind og vêr, og ikkje stå sjenerande til. Avfallshandtering kan med fordel integrerast i hovudbygg, eller som eige bygg.

2.1.13 Skilting

Det skal oppførast informasjonsskilt/informasjonstavler innanfor planområdet med tydeleg informasjon om bruk og ferdsel mm. innanfor området. Oppføring av informasjonsskilt/informasjonstavler i området skal gjerast ut i frå ein heilskapleg plan. Skilta/tavlene skal ha estetisk god utforming og være tilpassa omgjevnadane dei skal plasserast i.

2.1.14 Støy

Grenseverdier for støy skal overhaldast, krav i retningslinjer T-1442 skal leggest til grunn.

2.2 Verneverdier for kulturmiljø/naturmangfald (§ 12-7 nr. 6)

2.2.1 Varslingsplikt ved funn av automatisk freda kulturminne

Tiltakshavar har plikt til å vise varsemnd og til å straks melde frå til Vestland fylkeskommune ved Kulturavdelinga, dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jf. § 8, 2. ledd i Lov om kulturminne.

2.2.2 Krav om arkeologisk utgraving

Før det blir sett i verk tiltak i medhald av planen, skal det gjerast arkeologisk utgraving av dei automatisk freda kulturminna «førhistorisk dyrkingsspor» og «førhistorisk aktivitets-/busettingsområde», id 281059 og 281606, som er markerte som område for føresegn #2 og #3 i plankartet. Tiltakshavaren skal ta kontakt med Vestland fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske utgravinga kan fastsetjast.

2.3 Byggjegranser (§ 12-7 nr. 2)

- a) Bygningar skal oppførast i samsvar med avstandsreglane etter PBL, der det ikkje er vist byggjegrænse i plankart. Unntak er for område SAA1, LAA1, SGG, SF, GT1, #1 og #5, der byggjegrænse kan fylgje formålsgrænse for byggeområda
- b) Byggegrensa mot Fylkesveg er 10 m frå vegkant. Bustadhus skal ikkje byggjast nærare privat veg enn 2 meter frå vegkant. Gatelys kan plasserast i eigedomsgrenser.

2.4 Samfunnstryggleik (§ 12-7 nr. 1, 2, 4)

2.4.1 Beredskap

Det må leggest til rette for tilkomst for utrykkingskøyretøy fram til bygg.

3. Føresegner for arealformål

3.1 Bygningar og anlegg (§ 12-5 nr. 1)

3.1.1 Bustader (1110), B

- a) Området omfattar eksisterande bustadar.
- b) Utnyttingsgrad er %BYA=30%.
- c) Maks møne er 9 m i forhold til gjennomsnittleg terreng, med maks gesimshøgde 6 m.

3.1.2 Fritidsbusetnad (1121), BFF1-2

- a) BFF omfattar eksisterande fritidsbustad og opnar ikkje for nye tiltak.
- b) Maks tillate bebygd areal BRA= 90m². Maksimal utvendig takhøgde er 6 meter til møne, gesims 4 m.
- c) Takvinkel skal vere mellom 20 og 35 grader. Ubebygde delar av tomteareal skal bevarast som naturtomt. Det er ikkje tillate å gjerde inn tomt.
- d) Materialval og byggestil skal tilpassast eksisterande bygg og kringliggande landskap.

3.1.3 Uthus/naust/badehus (1589), BUN1-2

- a) Område BUN omfattar eksisterande naust og opnar ikkje for fleire naust.
- b) Maks tillate bebygd areal BRA= 50m². Maksimal mønehøgde over planert terreng = 6 meter.
- c) Byggegrense skal fylgje vegglivet til eksisterande naust.
- d) Ved restaurering eller oppattbygging skal bygg ha saltak, takvinkel 35-40 grader. For taktekking og for bygg skal det nyttast naturfargar, eller fargar som er tilpassa eksisterande naustmiljø. Naust skal ha tradisjonell utforming og skal tilpassast eksisterande bygg.
- e) Alle søknader om tiltak skal sendast til kulturminnemynde for uttale, før vedtak.

3.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

3.2.1 Fellesføresegner for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Samferdselsanlegg skal detaljprosjekterast med utgangspunkt i gjeldande vegnormalar. Vurdering av naudsynte sikringstiltak skal inngå i detaljprosjekteringa. Det er høve til justeringar mellom dei ulike trafikkformåla, dersom ein gjennom detaljvklaringar i prosjekteringa finn løysingar som gir mindre inngrep, betre arealdisponering eller betre trafikkale løysingar. Ved detaljprosjektering skal det takast omsyn til overvatn, også i høve forventa framtidig auke i nedbørsmengde.

Parkeringsareal skal gjevast eit grønt preg, og det skal ved detaljprosjektering vurderast mogleg grønt dekke. Det skal setjast av areal for sykkelparkering ved etablering av parkeringsareal.

3.2.2 Køyreveg (2011), SKV1-4

- a) SKV1 er offentleg veg og omfattar eksisterande fylkesveg 5706, og kan utbetrast til eins vegbreidde med linjeføring som vist på plankartet.
- b) SKV2 er offentleg veg til Grotlesholmen, og kan utbetrast til eins vegbreidde med linjeføring som vist på plankartet.
- c) SKV3 er privat tilkomstveg.
- d) SKV4 er privat tilkomstveg.

3.2.3 Fortau (2012), SF

- a) Fortau skal etablerast i samsvar med plankart, med ei breidde på 3 meter.
- b) Fortau skal utformast slik at alle skal kunne nytte dei på ein mest mogleg likestilt måte.
- c) Gatelys kan settast opp inntil 0 meter frå formålsgrense. Innanfor området kan det og leggst teknisk infrastruktur.

3.2.4 Gang-/sykkelveg (2015), SGS

- a) SGS er ny gang-/sykkelveg langs fylkesveg, som skal opparbeidast med ei breidde på 3 meter med linjeføring som vist på plankartet.
- b) Det skal sikrast køyretilkomst til eksisterande eigendomar over SGS ved etablering av gang-/sykkelveg.

3.2.5 Gangveg (2016), SGG

SGG er gangtilkomst til stranda, som skal opparbeidast med ei breidde på 3 meter med linjeføring som vist på plankartet. Gangvegen skal opparbeidast med utgangspunkt i universell utforming slik at flest mogleg skal kunne nytte den på ein mest mogleg likestilt

måte. Tilkomsten må utformast slik at inngrepa vert minst mogleg, og at han vert robust og krev lite vedlikehald.

3.2.6 Annan veggrunn – grøntareal (2019), SVG1-2

- a) SVG1-2 omfattar areal tilhøyrande veganlegg for grøfter, skråningar, kablar, gatelys, rekkverk, skilt osv. Gatelys og rekkverk kan settast opp inntil 0 meter frå føremåls-/eigedomsgrense. Innanfor området kan det og leggest teknisk infrastruktur. Arealet skal gjevast eit grønt preg ved tilsåing. Eventuelle murar skal som hovudregel byggast i naturstein. Der det ikkje er plass til etablering av natursteinsmur, kan mur byggast i betong.
- b) Det kan etablerast køyretilkomst til eigedomar igjennom SVG1. Det skal etablerast samla tilkomst til bygg på austside av veg for gbnr. 11/3, 11/4, 11/9, 11/17, samla tilkomst på vestsida for gbnr. 11/3, 11/4, samla tilkomst for gbnr. 11/5, 11/21.
- c) SVG2 er anna veggrunn mellom gang-/sykkelveg. Denne skal etablerast som midtrabatt mellom arealformåla og jordslåast.

3.2.7 Angitte samferdsleanlegg kombinert med andre angitte hovudformål (2900), SAA1-2

- a) SAA er kombinert formål for parkering/servicebygg.
- b) SAA1: Eksisterande parkeringsplass innanfor kan oppgraderast og utvidast som vist på plankart. Det skal settast av minimum 2 parkeringsplassar for rørslehemma, og minimum 2 parkeringsplassar for el-billading, i tillegg til eige område for sykkelparkering. Det kan plasserast renovasjonscontainer-/avfallsdunkar innanfor området. Desse skal plasserast og sikrast slik at dei ikkje medfører forureining som følgje av vind og vêr, og ikkje stå sjenerande til. Parkeringsareal er ikkje medrekna i fastsett utnyttingsgrad. Det må sikrast tilkomst til SKV4 gjennom SAA1.
- c) SAA2: Det kan etablerast parkeringsplass innanfor formålet. Det skal settast av minimum 2 parkeringsplassar for rørslehemma, og minimum 2 parkeringsplassar for el-billading, i tillegg til eige område for sykkelparkering. Parkeringsareal er ikkje medrekna i fastsett utnyttingsgrad. Innanfor området kan det etablerast snuplass for buss. Det kan plasserast renovasjonscontainer-/avfallsdunkar innanfor området. Desse skal plasserast og sikrast slik at dei ikkje medfører forureining som følgje av vind og vêr, og ikkje stå sjenerande til.
- d) Det kan etablerast servicebygg med publikumsretta funksjonar innanfor formålet. Nye bygg skal utformast og plasserast med høg grad av landskapstilpassing. Bygg kan plasserast i føremålsgrænse så lenge det ikkje er til hinder for sikt eller framkomst i veg. Maks byggehøgde er 5 m til møne/gesims, maks utnyttingsgrad for bygg er 100 m² BRA.
- e) Det kan etablerast gangsti/rampar med universell utforming innanfor området. Gangareal er ikkje medrekna i fastsett utnyttingsgrad. Tilkomsten til sanden må utformast slik at inngrepa vert minst mogleg, og konstruksjonane vert robuste og krev lite vedlikehald. Eventuelt kan det etablerast løysingar som kan fjernast i vinterhalvåret.

3.3 Grønstruktur (§ 12-5 nr. 3)

3.3.1 Turveg (3031), GT1

- a) Område GT er tilkomst til Grotle gamle gravplass. Det kan opparbeidast gangtilkomst, og gjerast tiltak for dette føremålet.
- b) GT1 er etablert sti frå kommunal veg. Sti skal opparbeidast som i plankartet med maks breidde 2 meter og vere best muleg tilrettelagt for universelt tilgjenge. Innanfor sikringsone

rundt Grotle gamle gravplass skal det ikkje gjerast inngrep i grunnen, men det kan leggjast natursteinsheller på marka. Utforming skal avklarast med kulturminnemyndet.

3.4 Landbruks-, natur- og friluftformål og reindriftsformål (§ 12-5 nr. 5)

3.4.1 Landbruksformål (5110), LL

- a) Føremålet gjeld område for landbruk med tilhøyrande tiltak for drift og fast busetting.
- b) Det kan oppførast naudsynte driftsbygg for gardsbruket i område. Dette skal i hovudsak etablerast i tilknytning til eksisterande gardsbygg, med unntak av byggverk/konstruksjonar som i kraft av sin funksjon må leggjast til andre områder.
- c) Det kan etablerast VA-anlegg og anna teknisk anlegg innanfor området, samt drenggrøfter. Terrenginngrep i samband med anlegg grøfter skal opparbeidast i samsvar med § 2.1.3.
- d) Ved tiltak innanfor SGG, kan det gjerast mindre justeringar av fylling/fyllingsfot o.l. innanfor området.
- e) Det er ikkje tillate å etablere bygg nærare sjø enn 30 m.

3.4.2 Friluftformål (5130), LF1-3

- a) Det er i hovudsak ikkje tillate med tiltak innanfor området, med unntak av mindre, reversible tiltak, t.d; universell tilkomst til og på strand, tiltak for aktivitet i sesong som volleyballnett, livbøyer, benkar.
Tilkomsten til sanden må utformast slik at inngrepa vert minst mogleg, og konstruksjonane vert robuste og krev lite vedlikehald. Eventuelt kan det etablerast løysingar som kan fjernast i vinterhalvåret. Det er ikkje tillate med planering i større utstrekning enn det som er nødvendig for plassering av gangtilkomst. Tilrettelegging av gangareal kan etablerast på enkle fundament/pelar, evt. enkle fyllingar, utan behov for sprenging i terreng.
- b) LF1 omfattar nordleg del av Grotlesanden. Ved tiltak innanfor SKV2, kan det gjerast mindre justeringar av fylling/fyllingsfot o.l. innanfor området. Areal innanfor føresegnssone #1 skal nyttast til parkering utan terrenginngrep.
- c) LF2 omfattar areal ved Grotlesholmen som ligg kring SAA1. Innanfor området er det tillate med mindre justeringar/tiltak i samband med tiltak innanfor SAA1, dersom dette gjev betre landskapstilpassing og/eller mindre terrenginngrep.
- d) LF3 omfattar vidare strandareal frå Grotlesholmen og sørover.

3.4.3 LNFR formål kombinert med andre angitt hovudformål (5900), LAA1-2

- a) LAA1 er LNF formål kombinert med andre hovudformål.
- b) LAA1 er kombinert formål for LNF, friluftsliv og parkering. Innanfor områda er det tillate med tiltak for etablering av parkeringsareal. Områda skal kunne vidareførast til formål for landbruk, men med framtidig moglegheit for tilrettelegging for parkering og andre tiltak som fremjar friluftslivformåla i området. Ved etablering av tiltak for permanent parkeringsplass skal areal opparbeidast på ein måte som opprettheld det grønne uttrykket i området. Ved opparbeiding av parkeringsplass skal det settast av minimum 2 parkeringsplassar for rørslehemma, og minimum 2 parkeringsplassar for el-billading. Det kan plasserast renovasjonscontainer-/avfallsdunkar innanfor området. Desse skal plasserast og sikrast slik at dei ikkje medfører forureining som følgje av vind og vêr, og ikkje stå sjenerande til.

3.4.4 Vern av kulturmiljø eller kulturminne (5600), LKM

Området omfattar Grotle gamle kyrkjegard; sjølve kyrkjegarden med steingard ikring, id 45771. Det er eit automatisk freda kulturminne. Det er ikkje tillate med tiltak innanfor området. Alle inngrep i grunnen, eller andre tiltak som kan verke inn på dei automatisk freda kulturminna, er ikkje tillatne utan at det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova.

3.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (§ 12-5 nr. 6)

3.5.1 Naturområde i sjø og vassdrag (6610), VNV

- VNV omfattar bekk/vassføring for Purkegrova.
- Det kan etablerast enkel konstruksjon/bruløysing for gangtilkomst/kryssing av VNV.
- Det kan utførast naudsynte tiltak som flaum-/erosjonssikring innanfor området, med unntak av strekninga innanfor omsynssone bevaring naturmiljø – sandstrand (H560_2).

3.5.2 Friluftsområde (6700), VFR

- VFR er friområde i sjø med tilhøyrande strandsone.
- Det er ikkje tillate med tiltak i området, med unntak av mindre, reversible tiltak, t.d. badeplattform og badebøyer.

4. Føresegner til omsynssoner (§ 12-6, 12-7 og 11-8)

4.1 Sikrings-, støy- og faresoner (§ 11-8 a)

4.1.1 Flaumfare, H320

- Krav for tryggleiksklassar i gjeldande teknisk forskrift må følgjast ved nye tiltak. Tryggleikskrava kan ein oppnå anten ved å:
 - plassere byggverk utanfor flaumutsett område (over gitt kotehøgde)
 - sikre byggverk mot overfløyming
 - dimensjonere og konstruere byggverket slik at det det toler belastningane, og ein unngår skadar.
- Ved planvedtak gjeld følgjande kotehøgder for flaum i høve TEK17

Tryggleiksklasse F1 (garasje, naust, lager osv.)	20-års flaum	Kote +3,4
Tryggleiksklasse F2 (kontor, industribygg, bustad osv.)	200-års flaum	Kote +3,5
Tryggleiksklasse F3 (sårbare samfunnsfunksjonar)	1000-års flaum	Kote +3,6
- Byggverk som i kraft av funksjonen sin må liggje i flaumutsette område, t.d. rampe for universelt tilgjenge til sjø, må konstruerast og oppførast slik at dei er i stand til å tole belastningane under flaum. Installasjonar som ikkje vil tole høg vasstand og bølgepåverknad, må plasserast utanfor flaumutsett område.

4.2 Omsynssone bevaring naturmiljø og kulturmiljø (§ 11-8 c)

4.2.1 Bevaring naturmiljø (H560_1 og H560_2)

- Område H560_1 er omsynssone for bevaring av naturmiljø for registrert slåttemark ved Grotle Gamle Gravplass. Det har og verdi som kulturlandskap. Det er ikkje tillate med tiltak som er i konflikt med gjeldande skjøtselsplan for området, med unntak for sti GT1. Området skal vedlikehaldast og bevarast i samsvar med skjøtselsplan, slik at natur- og kulturmiljøet og ikkje

vert forringa. Ved evt. tiltak skal det vere tett dialog med fagmynde, der planlagde tiltak skal godkjennast før iverksetting. Det kan setjast opp informasjonsskilt i området, tilpassa lokaliteten, jf. punkt 2.1.13.

- b) Område H560_2 er omsynssone for bevaring av naturmiljø for registrert sand- og grusstrand Grotlesanden. Det er i hovudsak ikkje tillate med tiltak innanfor området, med unntak av mindre, reversible tiltak, t.d; universell tilkomst til og på strand, tiltak for aktivitet i sesong som volleyballnett, livbøyer, benkar. Tilkomsten til sanden må utformast slik at inngrepa vert minst mogleg, og konstruksjonane vert robuste og krev lite vedlikehald. Eventuelt kan det etablerast løysingar som kan fjernast i vinterhalvåret. Det er ikkje tillatemed planering i større utstrekning enn det som er nødvendig for plassering av gangtilkomst. Tilrettelegging av gangareal kan etablerast på enkle fundament/pelar, evt. enkle fyllingar, utan behov for sprenging i terreng. I samband med tiltak innanfor SAA1, SKV2 og SGG kan det gjerast mindre justeringar av fylling/fyllingsfot o.l. innanfor området.

4.2.2 Bandlegging etter lov om kulturminne, H730_1, H730_2

Dei bandlagde områda omfattar Grotle gamle kyrkjegard, id 45771, og dyrkingsspor på Nygård, id 281607, som begge er automatisk freda kulturminne. Det er ikkje tillate med tiltak innanfor områda. Alle inngrep i grunnen, eller andre tiltak som kan verke inn på dei automatisk freda kulturminna, er ikkje tillatne utan at det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova.

I samband med etablering av sti o_GT1, synt på plankartet med # 5, er det ikkje tillate å grave i grunnen. Utforminga av stien skal skje i samråd med seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune.

5. Føresegnssone (bestemmelsessone), (§§12-5, 12-7)

Føresegnssone #1: Området skal nyttast til parkering utan terrenginngrep. Kommunen kan ekspropriere areal til parkeringsføremål.

Føresegnssone #2-3: Omfattar dei automatisk freda kulturminna «førhistorisk dyrkingsspor» og «førhistorisk aktivitets-/busettingsområde», id 281059 og 281606. Før det blir sett i verk tiltak i medhald av planen, skal det gjerast arkeologisk utgraving av område for føresegn #2 og #3 i plankartet. Tiltakshavaren skal ta kontakt med Vestland fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske utgravinga kan fastsetjast.

Føresegnssone # 5: Omfattar o_GT1, der denne ligg innanfor bandleggingssone etter lov om kulturminne, for Grotle gamle kyrkjegard.

6. Rekkjefølgjeføresegner

6.1 Før igangsetjingsløyve

- a) Behov for sikring av grunn skal vurderast ved prosjektering. Ved evt. behov skal sikringstiltak kome fram i søknad om løyve for byggetiltak.
- b) Løysing for drikkevatn og avløp (der dette er aktuelt) skal framgå ved søknad om løyve for byggetiltak.

- c) Detaljprosjektering av VVA, inkludert plan overvatn jf. punkt 2.1.7, skal gå fram av søknad om løyve.